




Luster kommune



# Tertialrapport T1 2017

Handsama:


2  
0  
1  
7



Rådmannen - Tertialrapport T1  
Oppdatert etter kommunestyremøte 14.06.17



# Årshjulet 2017 - Luster kommune



Teiknforklaring - Raud og Blå aktivitet styringsdialog	Teiknforklaring - Grøn aktivitet medarbeidar- og brukardialog
<b>TP</b> - Tenesteplan	<b>LD</b> - Leiardialog
<b>B</b> - Budsjett	<b>BU-PLO</b> - Brukarundersøking Omsorgstenesta
<b>ØP</b> - Økonomiplan	<b>BU-S</b> - Brukarundersøking Skule
<b>PP</b> - Planleggingsprogram	<b>BD</b> - Brukardialog
<b>R</b> - Rekneskap	<b>MS</b> - Medarbeidarsamtale anna kvart år (2017 og 2019)
<b>Å</b> - Årsmelding	<b>VR</b> - Vernerunde
<b>T1</b> - Tertialrapport 1. tertial	<b>IS</b> - Introduksjonsseminar nye medarbeidarar
<b>T2</b> - Tertialrapport 2. tertial	<b>MU</b> - Medarbeidarundersøking anna kvart år (2016 og 2018)
<b>K</b> - Kostra rapportering	

## Innhold:

1) INNLEIING .....	4
2) SAMANDRAG .....	4
3) KOMMUNEN SINE INNETEKTER OG UTGIFTER.....	5
3.1 Frie disponible inntekter: .....	6
3.2 Renteinntekter og utbytte.....	6
3.3 Konesjonskraft .....	7
3.4 Pensjonskostnader .....	7
3.5 Løn – Lønsregulering .....	8
3.7 Tilleggslyøvingar .....	8
4) UTVIKLINGSARBEID. ....	9
4.1 Omstillingsarbeid i omsorgstenesta .....	9
4.2 Luster vaksenopplæring. ....	11
4.3 Kommuneanalyse .....	12
4.4 Grunnlag for skulebruksplan. ....	12
4.5 Utviding av eigedomsskatteordninga.....	13
4.6 Årshjul, medarbeider og brukardialog. ....	13
5) DRIFTA I TENESTEOMRÅDA.....	15
5.1 Rekneskapskjema 1B .....	15
5.2 Tenesteområda. ....	16
5.2.1 Folkevalde.....	16
5.2.2 Administrasjon.....	16
5.2.3 Oppvekst.....	16
5.2.4 Helse .....	17
5.2.5 Omsorgstenesta. ....	17
5.2.6 Sosial/barnevern. ....	19
5.2.7 Tekniske tenester .....	20
5.2.8 Næring/naturforvaltning .....	21
5.2.9 Kultur og kyrkje. ....	21
6) INVESTERINGAR.....	23
6.1 Investeringsprogram 2017. ....	23
6.2 Overførte løyvingar frå 2016.....	26
7) PLANLEGGINGSPROGRAMMET. ....	27
8) OPPSUMMERING.....	28

## 1) INNLEIING

Rådmannen legg med dette fram tertialrapport 1 2017. Rapporten skal gi eit oversyn over aktivitet, uføresett og nye tiltak fram til 01.05. i høve budsjettet.

Saka tek og utgangspunkt i rekneskap for 2016, ev. resultat der som ein må ta omsyn til og feil/korrigeringar i 2017 budsjettet. Det vert og rapportert om utviklings-/endringsarbeid og vurdert endringar for resten av året der det synest vere behov for å endre budsjettet/økonomiplanen sitt opplegg.

I saka vert det konkludert med behov for endringar no medan det på andre område vil verta gjort nærare vurderingar i tertialrapport 2, pr 31.08.

## 2) SAMANDRAG

Utviklinga i kommuneøkonomien er i godt samsvar med det som er lagt inn i budsjett.

Rammeføresetnader i inntektsopplegget for Luster kommune syner kun små endringar så langt og desse er no stadfesta i revidert/kommuneproposisjon. Drifta i stort er i godt samsvar med planlagt nivå. Det vert tilrådd nokre mindre endringar i rammer, ved fordeling av tilleggsøyvingar og bruk av avsetjingar/fond. Me har framleis eit potensiale for betre periodisering av både budsjett og rekneskap. Manglar her gjer nokre vurderingar usikre.

Omstillingsarbeidet i omsorgstenesta er såpass omfattande at det er vanskelege samanlikningar med tidlegare og vurderingar av den grunn. Rådmannen viser her til eigen omtale i pkt 4.1.


For budsjettvedtaket sitt pkt 10; kommuneanalyse og grunnlag for skulebruksplan, ligg det no føre faktagrunnlag og analysearbeid for vidare drøftingar.

Arbeidet med utforming av ev utvida eigedomsskatteordning er i godt gjenge via sakkunnig nemnd.

Som tidlegare er det krevjande å halde framdriftsplanar i planarbeidet.

Investeringsprogrammet har kun mindre avvik på framdrift. Ombygging/utrusting av Grandmo lagshus til norskoplæring og turvegen Marifjøra-Gaupne vert teke inn i programmet. (jf strossing av Røneidstunnelen.)

### Netto driftsresultat første tertial:



\*To hovudforklaringar til avvik frå 2016; Svikt eigedomsskatt periode 2-3 og avdragsutsetjing(mindreutgifter avdrag) periode 3-4.

### Kommuneøkonomien framover:

Ad revidert nasjonalbudsjett og kommuneøkonomiproposisjonen i mai så er det kun mindre endringar i kommuneopplegget som vert skissert. Skatteinntekter/nivå for kommunesektoren vert prognosert med nedgang og noko usikkert for resten av 2017. Rammevilkåra for kommunesektoren framover vert elles framskrevne med ein mindre vekst utover oppdekking for demografiutvikling. Det vert peika på, og delvis innrekna, potensiale for effektivisering. Ad oppgåver så vert det lagt opp til kun mindre endringar, og etter handsaming i Stortinget vert heller ikkje tannhelsetenesta flytta til kommunane. Kalkulasjonsrenta nytta i verdsetjing av store kraftverk, som betyr mykje for Luster sine vilkår, vert det ikkje lagt opp til endringar på.

Fleire forhold her er imidlertid usikre, ikkje minst fordi me går inn i ein stortingsvalkamp som kan påverke posisjonen til både noverande og alternative regjeringsalternativ.

Med det me veit no så er det grunn til å rekna med at den framskrivinga av økonomien som me har gjort i gjeldande økonomiplan er realistisk.

### **3) KOMMUNEN SINE INNTEKTER OG UTGIFTER**

Rekneskapskjema 1A-første tertial:

	<b>Rekneskap 2017</b> 01.01-30.04.	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Rekneskap i fjor</b> 01.01-30.04.
Skatt på inntekt og formue	51 659 234	150 149 000	50 433 145
Ordinært rammetilskudd	57 040 138	158 619 000	55 789 042
Skatt på eiendom	24 919 957	49 370 000	30 597 258
Andre dir./indirekte skatter	-	15 723 980	-
Andre generelle statstilskudd	8 587 441	12 700 000	5 252 732
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>142 206 770</b>	<b>386 561 980</b>	<b>142 072 178</b>
Renteinntekter og utbytte	105 581	4 830 000	1 581 776
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	3 000 000	-
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	1 984 084	8 000 000	1 689 387
Avdrag på lån	5 808 501	15 075 000	10 895 171
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-7 687 003</b>	<b>-15 245 000</b>	<b>-11 002 783</b>
Til ubundne avsetninger	-	-	-
Til bundne avsetninger	-	24 723 980	32 066
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	-	-	-
Bruk av ubundne avsetninger	-	7 015 636	-
Bruk av bundne avsetninger	294 528	17 700 000	269 944
<b>Netto avsetninger</b>	<b>294 528</b>	<b>-8 344</b>	<b>237 878</b>
Overført til investeringsregnskapet	-	-	-
Til fordeling drift	134 814 295	371 308 636	131 307 273
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	- 135 894 000	-	-
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>- 1 079 705</b>	<b>371 308 636</b>	<b>131 307 273</b>

### 3.1 Frie disponible inntekter:

Tal i 1000kr	R 2017 30.apr	B 2017 heile året	R 2016 30.apr	B2016® heile året
Skatt på formue/inntekt	(51 659)	(150 149)	(50 433)	(145 719)
Rammetilskot	(57 040)	(158 619)	(55 789)	(155 715)
Eigedomsskatt	(24 920)	(49 370)	(30 597)	(61 195)
Konsesjonsavgifter	-	(15 724)	-	(15 266)
Andre direkte tilskot	(8 587)	(12 700)	(5 253)	(14 444)
Sum frie inntekter	(142 207)	(386 562)	(142 072)	(392 144)

#### Skatt på inntekt og formue

Rekneskapen syner inntekt på 51,7 mill kr. mot 50,4 mill kr i 2016. Dette tilsvarar 34,4% av årsbudsjettet, og er på same nivå som i 2016. Siste prognosar frå KS sin prognosemodell, syner eit årsbudsjett som er 0,03 mill kr lågare enn LK sitt budsjett.

#### Rammetilskot

Rammetilskot syner inntekt på 57,0 mill kr mot 55,8 mill kr i 2016. Dette tilsvarar 36,0 % av årsbudsjettet. Også dette tilsvarar same nivå som i 2016. Siste prognosemodell syner eit årsbudsjett som er 0,07 mill kr lågare enn LK sitt budsjett.

#### Skatt på eigedom

Skatt på eigedom er delt i to terminar. 1 termin syner reduserte inntekter i høve 2016 på 5,7 mill kr. Dette er i samsvar med budsjett. ( jf svikt eigedomsskatt.)

#### Andre direkte eller indirekte skattar

Dette gjeld konsesjonsavgifter og vert overført til kommunen årleg i desember. Pr. dato er det ikkje signal om at budsjettet bør endrast.

#### Andre generelle statstilskot

Desse inntektene omfattar rentekompensasjon frå husbanken knytt til investeringar i skulebygg og omsorgsbustader og integreringstilskot flyktningar. Rentekompensasjonen vil bli som føresett i budsjettet.

Integreringstilskotet vert høgare enn føresett i budsjett, iflg brev frå IMDI i mars er prognosen ein auke på 1,7 million kroner. Dette skuldast prognose på fleire flyktningar enn føresett i budsjettet.

Dette kan endre seg og utgiftsbudsjettet gir og høgare utgifter på sosialbudsjett og auka behov i skule/barnehage mv.

Her er og nokre uklare tilhøve omkring periodisering mellom år.

*Konklusjonen m.h.p dei frie inntektene er at budsjettet bør regulerast noko, men pr dato er her fleire usikre faktorar som gjer at tilråding om regulering utstår til T2. Det kjem meldingar om at kommunane får redusert skatteinnang utover prognosane. Andre generelle statstilskot, knytta til flyktningeområdet, vil auka utover det som er innlagt i budsjettet, men her vil og utgiftsbudsjettet bli påverka, jf t.d norsk-opplæringa.*

### 3.2 Renteinntekter og utbytte

Tal i 1000 kr	R 2017 30.apr	B 2017 heile året	R2016 30.apr	B2016® heile året
Renteinntekter/utbytte	( 106)	(4 830)	(1 581)	(5 630)
Renteutgifter	1 984	8 000	815	10 122
Avdrag	5 809	15 075	10 895	20 075
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>7 687</b>	<b>18 245</b>	<b>10129</b>	<b>24 567</b>

Det var ikkje motteke oppgåve frå banken pr 30.04. I mai månad blir det bokført renteinntekter på 2,2 mill kr. Kapitaliseringa av rentene vil skje seinare. Plasseringa i banken gir ei avkastning på 1,26%. Det er budsjettert med 2,0 mill kr i utbytte. Avdrag er redusert i høve til i fjor i samsvar med budsjettvedtak om utsetjing av avdrag.

Gevinst aksjefond.

Plasseringa i aksjefond har pr. 30.04.17 slik endring i høve status pr 31.12.16:

Realisert	Kjøpt	Verdi	Gevinst/tap	Verdi
1. tertial	1. tertial	30.04.2017	1.tertial	31.12.2014
0	0	74,9	5,6	69,3

Som det framgår av oversikten her det ikkje vore føreteke kjøp/sal i 1. tertial. I budsjettet er det lagt inn ein verdiauke på aksjefonda på 3,0 mill kr på årsbasis. Verdiauken dei fyrste månadene har vore svært høg og større enn føreset i budsjettet. *Imidlertid ser me såpass svingingar at me avventar regulering av budsjett til T2.*

Andel plassert i aksjefond er no for høg i høve til retningslinjene for forvaltning av overskotslikviditet. I samband med gjennomgang av økonomireglementet, vil rådmannen vurdere retningslinjene for plassering i aksjefond. Slik utviklinga har vore og trendane vil det truleg vere like aktuelt å auke andelen plassert i fond som å realisere/selje ned deler av kommunen sin aksjefonds-portefølgje.

### 3.3 Konesjonskraft

Konesjonskraftsal vert i rekneskapen bokført under rammeområde Næringsutvikling og naturforvaltning og blir ført på eigen teneste. Dette fordi konesjonskraftsal ikkje vert rekna som ei fri inntekt. Inntektene frå konesjonskraftsalet og verdiendring av aksjefonda varierer mykje frå år til år. For at desse variasjonane ikkje skal ha for mykje innverknad på tenestenivået i kommunen, er det oppretta eit felles bufferfond for finansforvaltning og konesjonskraft. Dette fondet er pr. dato på 11,2 mill kr.

I budsjettet for 2017 er det budsjettert med 8,0 mill kr på sal av konesjonskraft. Bokført sal pr. 31.04 2017 er 3,0 mill kr. Dette er om lag 1,5 mill kr. høgare enn i 2016. For 2016 var årsinntekta frå konesjonskraftsalet 6,3 mill kr, etter gode prisar på slutten av året. Prisutviklinga på kraft er avgjerande for årsresultatet.

*Rådmannen vil ikkje tilrå endring av budsjetta for finansforvaltning og konesjonskraft i T1. og kjem tilbake med ei nærare vurdering og prognose i T2.*

### 3.4 Pensjonskostnader

I budsjettet for 2017 er det totalt budsjettert med pensjonskostnader på 34,0 mill kr. av dette 27,9 mill til KLP og 6,1 mill til SPK. I brev frå KLP 20.04.17 er det laga nye prognosar for pensjonskostnader i 2017. Prognosen tilseier at kostnadene vil bli marginalt lågare enn budsjettert.

*Det vil koma nye prognosar fram mot T2, og ein vil koma attende med eventuell forslag til budsjettendring i T2.*

### **3.5 Løn – Lønsregulering**

Mellomoppgjeret pr. 1. mai 2017:

I tariffoppgjeret i 2016 vart det avtalt lønstilllegg og pott til lokale forhandlingar i 2017 for kap. 4. Allereie avtalte tariff tillegg/lokal pott gir ein samla årslønsvekst frå 2016 til 2017 på ca. 2,2% (inkl. overheng og glidning) Verknadsdato for sentrale tillegg er sett til 01.07.2017 .

Avlønning av alderspensjonistar er sett til 196,-/time med verknadsdato 01.05.2017.

Det er avsett midlar til lokale forhandlingar også i kap. 4 på 0,9%.

Ved forhandlingane i kommuneoppgjeret vart verknadsdato her flytta fram til 01.08.2017 slik at årslønsveksten aukar frå 2,2 til 2,4 %. Forhandlingane skal vere gjennomført innan 15.10.2017.

For tilsette med stillingar i kap. 3(leiarar) og kap. 5 (stillingar med berre lokal lønsfastsetjing), vert det på vanleg måte gjennomført lokale lønsforhandlingar hausten 2017.

I budsjettet er det avsett ein samlepost til dekking av løn, pensjonsoppgjer m.v. på 5,8 mill. kroner. Ut frå det som no ligg føre omkring pensjon, inkl svært gode økonomiske resultat i KLP, og lønsoppgjer er her ein reserve på 1-1,5 million der om lag 0,5 mill må nyttast til manglande budsjettering av lærlingeområdet for dei tal lærlingar me no har avtale på for 2017.

*Rådmannen tilrår disponering og reduksjon av pott avsett til løns/pensjonsoppgjer slik:*

*-Budsjett for lærlingeordninga vert styrka med 0,5 million kroner.*

*-Løyving til lønsoppgjeret 2017 vert sett til 4,5 million kroner.*

### **3.7 Tilleggsøyvingar.**

I budsjettet er det avsett 1 million i «beredskapsøyving» for manglande/sein avklaring på kommuneopplegget i statsbudsjettet og 1 million kroner i generell tilleggsøyving. Ad kommuneopplegget i statsbudsjettet så er det innlemming av tilskot til Frivillegsentralen i rammetilskotet som må rettast opp med ei løyving på 365.000. (som frå 2017 ligg i rammetilskotet og som tidlegare har vore øymerka.) Utover dette så er her ikkje satsingar der kommunen er pliktig til å auka løyvingar, innanfor det tildelte rammetilskotet. (jf endeleg budsjettavtale.)

Tilleggsøyvingar er føresett skal dekkja ev aktivitetssendingar skule og barnehage, ev andre område. Behov her er omtalt på dei ulike tenesteområda.

Tilleggsøyvingar er vidare føresett skal dekkja utviklings/utgreiingsarbeid. I 2017 er det sett i gang tre større tiltak, «Luster 2020», som må finansierast. (Arbeidet med kommuneanalyse, Arbeidet med skulebruksplan, Arbeidet med utviding av eigedomsskatteordning.)

*Jf omtale nedanfor som fordelar av tilleggsøyvingane og andre endringar i driftsrammene.*



## **4) UTVIKLINGSARBEID.**

### **4.1 Omstillingsarbeid i omsorgstenesta.**

På grunn av omstillings- og utviklingsarbeidet som vert gjennomført i omsorgstenesta er tertialrapporteringa meir omfattande enn normalt.

Arbeidet vert styrt av kommunestyret sitt vedtak av 21. april 2016 (sak 28/16) og kommunen sitt budsjett for 2017 (B-17) vedteke 16. desember 2016 (sak 75/16).

#### Ny samansetjing av tenestetilbodet:

Tildeling av tenester vert så langt som mogleg gjort i tråd med den nye samansetjinga av tenestetilbodet. Sidan omlegginga skal skje gradvis vil det ta noko tid før ein har «rett pasient/brukar på rett plass» - og ein er ikkje der enno. Brukar/pasientgrunnlaget avgjer pleietyngde som igjen er avgjerande for bemanning. Ved utarbeiding av ny årsturnus (for 2018) vil det bli gjort ei ny vurdering der målsetjinga er ytterlegare tilpassing av bemanning og kompetanse i tråd med den nye samansetjinga av tenestetilbodet.

#### Ny organisering:

Frå 1.1.2017 har omsorgstenesta ei ny organisering med 4 einingar, sentralkjøken og tenestekontor. Det er som ein del av dette etablert ein ny leiarstruktur og ei ny leiargruppe som har faste møter siste måndag i kvar månad. Dei 4 einingane skal yte definerte tenester og kvar eining utgjer ein personellbase der det er føresett integrering mellom ulike tilsettegrupper og større fleksibilitet. Sjølv om strukturane er endra vil arbeidet med integrering og auka fleksibilitet ta tid, ikkje minst fordi dette i stor grad heng saman med kulturar som er etablert over mange år.

#### Økonomiske rammer, bemanningsplanar og årsturnus:

Bemanningsplanane skal vere tilpassa tenestetilbodet og økonomiske rammer, og gjev grunnlaget for årsturnus. Ny årsturnus vart sett i verk frå 20. februar 2017 og denne er tilpassa nye økonomiske rammer (jf. B-17). Sidan pasientgrunnlaget skal endrast over tid vart det ikkje gjort store endringar i dei einingsvise bemanningsplanane som vart lagt til grunn for ny årsturnus frå 20. februar 2017. Dette vil bli vurdert på nytt i arbeidet med ny årsturnus for 2018. Sidan ny årsturnus starta 20. februar fekk ein 2 månadar i 2017 med drift på same nivå som tidlegare år, men med nye budsjetttrammer. Dette har komplisert omlegginga og vil komplisere rapporteringa for 2017. Den klart største utfordringa i arbeidet med bemanningsplanar og årsturnus er å dekke helgene. Det er og vil bli arbeidd grundig med å finne løysingar på denne utfordringa før ny årsturnus.

#### Endra tidspunkt for middag - døgnrytme:

I tråd med nye nasjonale føringar mm. er tidspunkt for middag flytta frå kl. 13.00 til kl. 15.30 ved Gaupne og Hafslo omsorgssenter. Dette har igjen virka inn på den samla måltids- og aktivitets-/døgnrytmen ved desse to omsorgssentra. Det er ikkje gjennomført ei slik omlegging ved Luster omsorgssenter. Bakgrunn for dette er at Luster omsorgssenter har eit anna pasientgrunnlag og noko meir «rigid» sjukeheimsdrift. Som ein del av arbeidet med ny årsturnus vil nytt tidspunkt for middag også bli vurdert ved Luster omsorgssenter. Ei slik omlegging krev truleg høgare bemanning seinare på dagen, noko som igjen kan få økonomiske konsekvensar.

#### Ombygging- og dagtilbod ved Hafslo omsorgssenter:

Ombygginga ved Hafslo omsorgssenter er gjennomført som planlagt og ein har no 18 omsorgsplassar. Det nye dagtilbodet starta opp 20. februar 2017 med 6-8 plassar, måndag, onsdag og fredag kl. 09.30 – 15.00. Tilbodet er i ein oppstartfase og det vil bli arbeidd aktivt med vidare utvikling av tilbodet, under dette varierte aktivitetar. Luster har i 2017 fått eit statstilskot på kr 351 650,- til drift og utvikling av dagtilbodet.

### Omlegging av vaskeritenestene:

Frå 1. mai 2017 er vaskeriet ved Luster omsorgssenter avvikla og Mona Vekst leverer no desse teneste for Luster kommune. Budsjettmessige konsekvensar vil bli rapportert i T-2.

### Velferdsteknologi:

Det er etablert ei tverrfagleg arbeidsgruppe som over tid har bygd opp god kompetanse på velferdsteknologi. Dei har delteke på nasjonale seminar, vore på synfaring i andre kommunar mm. Fyrste større utviklingstiltak vert etablering av nye velferdsteknologisk løysingar ved Hafslo omsorgssenter. Om det går som planlagd kan dette kome på plass i 2017. Det er føresett at løysinga som vert valde kan nyttast ved dei andre omsorgs-sentra, i omsorgsbustadar og i private heimar. Utbygging av velferdsteknologiske løysingar vil ha ei kostnad som truleg ikkje er godt nok budsjettert.

Luster deltek i tillegg i eit større regionalt prosjekt saman med 12 andre kommunar. Målet med prosjektet og prosjektsøknaden er å innføre velferdsteknologiske løysingar som; digitalt tilsyn, sjuke-signalanlegg og medisineringsstøtte. Helse-direktoratet sine tilrådingar og nasjonalt velferdsteknologiprogram ligg til grunn for arbeidet. Førde er søkjarkommune og *Utviklings-senter for sjukeheimar og heimetenester* (USHT) i Sogn og Fjordane (USHT) vert ansvarleg for dagleg drift av prosjektet. Det er søkt om 3 mill.

### IKT og digitalisering:

Det er gjennomført ei kartlegging av IKT status og det vert lagt opp til gradvis utskifting og oppgradering. Det er under dette gjennomført utskifting av maskinar mm. og ei større oppgradering av det elektroniske dokumentasjonsprogrammet Gericar.

Pasientar/brukarar etterspør allereie trådlause nettverk og dette vil auke raskt i åra som kjem. I dette ligg at pasientar/brukarar forventar å kunne bruke sitt nettbrett på sine rom og i sine bustader. Det bør difor vere ei målsetjing at alle aktuelle bygg og rom har trådlause nettverk. Ein føresetnad for dette er; fiber fram til bygga, kabling av bygg og montering av trådlause punkt. Dette arbeidet har starta men mykje arbeid står att. Ein har kome lengst ved Hafslo omsorgssenter der dei fleste rom no har trådlause nettverk. Arbeidet er så langt gjort av eigne tilsette og kostnadar dekkja innafor vedteke budsjett.

Mot slutten november 2016 gav Canal Digital melding om at alle TV sendingar basert på analoge løysingar (SD) kom til å bli stogga, og frå 5. januar ville berre digitale (HD) løysingar vere tilgjengeleg. Luster hadde da ei Canal Digital pakke med 7 kanalar der signala kom via antenner (analogt). Anna utstyr var også tilpassa analoge løysingar. Det måtte da gjerast ei samla vurdering av ei fullstendig omlegging, under dette val av leverandør. Det vart lagt til grunn at dei vala som no vart gjort måtte vere framtidsretta.

Etter å ha vurdert ulike løysingar vart GET vald og ny avtale vart signert 3. januar 2017. Den nye løysinga er fiberbasert og GET pakka gjev 31 kanalar pluss 4 interne «ledige kanalar». Mange tinga den same løysinga og leverandør klarte ikkje å levere nytt utstyr før 30. mars 2017. Utstyret vart da montert og frå tidleg april var det meste på plass. Omlegginga har ført til eit noko redusert TV tilbod for aktuelle brukarar i denne perioden.

Det nye tilbodet har fleire kanalar og program som har vore etterlyst tidlegare (t.d. Animal Planet og Visjon Norge). Det er no i tillegg mogleg å overføre lokale sendingar (som t.d. kommunestyremøta) på ledige kanalar. Mange gamle TV apparat stetter ikkje dei nye digitale løysingane, og dette gjeld m.a. TV på 8 rom ved korttidsavdelinga (KA). Det er difor kjøpt inn 8 nye TV apparat til KA til ein samla netto kostnad på kr 34 304,-

Luster kommune har i dag ikkje brukarbetaling for TV tilbodet. Det vil bli gjort ei nærare vurdering av dette i arbeidet med budsjett og betalings-satsar for 2018.

### Førebyggjande arbeid:

Det er etablert ei styringsgruppe for oppfølging av dette viktige arbeidet. Steg 1 vil vere ei kartlegging av alle tiltak innan dette område, som igjen vert grunnlag for vurdering av vegen vidare. Ein tek mellom anna sikte på ein revisjon av kommunen si omsorgstrapp der ulike førebyggjande tiltak skal kome tydelegare fram. Døme på aktuelle framtidige tiltak er kvardagsrehabilitering og dagtilbod for eldre. Det vil bli lagt stor vekt på aktuelle brukarar sine behov/interesser og samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Brukarrepresentant og Luster Frivilligsentral (LFS) er difor representert i styringsgruppa. Det er søkt om kr 750 000,- i statlege tilskotsmidlar til dette arbeidet.

### Øyeblikkeleg hjelp med døgnopphald (ØHD):

Luster kommune har sidan 2012 hatt eit ØHD tilbod med 2 senger i korttidsavdelinga (KA). Tilbodet er mellom anna basert på ein særavtale mellom Luster kommune og Helse Førde HF. Frå 1. januar 2017 gjeld ØHD plikta også personar med rus- og psykiske problem, og dette tilbodet vert no gjeve som ein del av ØHD tilbodet ved KA.

Avtalen med Helse Førde er revidert og i møte med representantar for Helse Førde den 24.april 2017 var det semje om at alle krav i avtalen er oppfylt. I dette ligg også at Luster sine måltal for liggjedøgn er oppfylt, og Luster er av dei kommunane som har høgast bruk av dette tilbodet. Representantane frå Helse Førde HF uttrykte ros til den måten ein i Luster har arbeidd med å utvikle eit godt kvalitativt tilbod til innbyggjarane.

Det blir for tida gjennomført eit lokalt forskingsarbeid: «*Erfaringar med augeblikkeleg hjelp døgntilbod i Luster kommune i perioden 2012 – 2016*». I følgje Helse Førde vil det vere aktuelt å invitere representantar frå Luster kommune til å orientere om dette både i [Fagrådet](#), [Koordineringsrådet](#) og på Samhandlingskonferansen i 2018.

### Fag- og fagutvikling:

Arbeidet med fag- og fagutvikling vert eit prioritert område i tida framover. Det er konkludert med at ein i vidare arbeid skal ta utgangspunkt i det nasjonale [Pasientsikkerhetsprogrammet](#). Det vil bli arbeidd både med utvikling av system, prosedyrar, avvikshandtering mm. og kompetaneutvikling. *Utviklingsssenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT)* i Sogn og Fjordane har eit regionalt ansvar for pasientsikkerhetsprogrammet og kompetansen til USHT vil bli brukt i vidare arbeid.

## **4.2 Luster vaksenopplæring.**

Den 22. september 2016 vedtok kommunestyret at Luster sjølv skal ta ansvaret for opplæring av vaksne flyktingar busett i Luster kommune. Det er etter dette arbeidd med oppfølging av kommunestyret sitt vedtak.

### Status er slik:

Namnet på det nye tilbodet vert *Luster vaksenopplæring (LVO)*

Opplæringstilbodet vert lagt til Grandmo lagshus i Gaupne. Grandmo lagshus er/vert bygningsmessig utbetra til dette føremålet.

Det er tilsett fagleiar og to lærarar til det nye tilbodet. Det vert to klassar inndelt etter nivå, og det vert no arbeidd med skulerute, timeplanar mm. Det er tinga IKT utstyr/digitale hjelpemiddel, under dette PC til kvar elev, ladeskap, digitale tavler mm. Det vert arbeidd med overgangsavtale med Sogndal kommune.

Etter rådmannen si vurdering skal ein vere klar til oppstart som føresett medio august 2017.

#### Investerings-/oppstartskostnader:

##### *Bygg og inventar:*

Ombygging og utrustning av bygget har ein samla kostnad opp mot kr.600.000.

##### *IKT/digitale hjelpemiddel:*

Det vert lagt stor vekt på gode digitale løysingar og det er tinga IKT utstyr og trådlauspunkt for om lag kr 320 000.

Denne kostnaden vert dekkja over posten IKT investeringar/fellessystem (prosjekt 12050), som igjen vert styrka med kr 320 000 med midlar henta frå flyktningfondet.

Det vil verte nokre eingongskostnader med skulemateriell mv., det vert avsett kr.30.000.

*Samla investerings-/oppstartskostnader kr.950.000 finansiert av flyktningfondet.*

#### Driftskostnader 2017:

Alle driftskostnader for 2017 vert ført på eige prosjektkonto *Luster vaksenopplæring* under teneste 28102 *Flyktningar* (ansvar 300). Rådmannen vil i T-2 kome tilbake til samla finansiering av drifta for 2017. Det vert utarbeidd eige budsjett/budsjettområde i B-18 for årleg drift av Luster vaksenopplæring.

### **4.3 Kommuneanalyse.**

I samsvar med budsjettvedtaket sitt pkt 10 er det utarbeidd kommuneanalyse gjennom Kostraanalyse med utgangspunkt i Kostra-tal pr 15.03. KS-konsulent har utført arbeidet som vart presentert for kommunestyret 27.04.

Rapporten gir overordna faktagrunnlag og analyse for vidare arbeid. Formannskapet er styringsgruppe og har starta arbeidet med å plukke ut tenester/ område for nærare analyse og vurdering av ressursbruk.

Det er spesielt peika på desse områda for nærare utgreiing og vurdering:

Administrasjon, - Helsetenester, - Grunnskule, - Kultur og kyrkje, - Plan, kulturminne, natur og nærmiljø, -Samferdsel, - Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft, - Egedomsdrift.

Større eller mindre delprosjekt vert teke med over i budsjettarbeidet. (jf formannskapet sin protokoll i F-sak 37/17)

Det vil etter rådmann si vurdering vere aktuelt å kjøpe ytterlegare eksterne tenester.

*Det vert avsett kr 400.000 frå tilleggsøyvingane til dette arbeidet.*

### **4.4 Grunnlag for skulebruksplan.**

I samsvar med budsjettvedtaket sitt pkt 10 er det utarbeidd rapport omkring skulestrukturen i Luster som ev grunnlag for å utarbeide ein skulebruksplan.

Telemarksforsking har utført arbeidet. Arbeidet er presentert for formannskapet og i krinsmøter i alle skulekrinsane. Hovudpunkt er og referert for kommunestyret.

Rapporten gir overordna faktagrunnlag og analyse for vidare arbeid. Formannskapet er styringsgruppe og har gjort nokre førebelse vurderingar av ev strukturelle tiltak innan grunnskulen i Luster. (jf formannskapet sin protokoll i F-sak 37/17)

Det er aktuelt med nokre tilleggsutgreiingar omkring skulemodellen og det høge nivået på spesialundervisning. Det vil etter rådmann si vurdering vere aktuelt å kjøpe ytterlegare eksterne tenester på dette.

Det er så føresett at rådmannen utarbeidar eit framlegg til skulebruksplan som kan vere grunnlag for høyring hausten 2017.

*Det vert avsett kr 400.000 frå tilleggsøyvingane til dette arbeidet.*

#### **4.5 Utviding av eigedomsskatteordninga.**

I k-sak 73/16 vedtok kommunestyret at det skal leggjast til rette for utviding av eigedomsskatteordninga med inntektsverknad frå 2018.

I økonomiplanen er det lagt til grunn at eigedomsskatteordninga vert utvida til «allmenn» eigedomsskatt i kommunen.

Arbeidet med utforming av ev utvida eigedomsskatteordning er det arbeidd med framover våren. Rådmannen har tilpassa vedtekter og sakkunnig nemnd vart etablert via k-sak 9/17.

Sakkunnig nemnd arbeider no med grunnlag for taksering av bustadeigedommar på gardsbruk, fritidseigedommar og næringseigedommar. Vedtak om utviding og utskrivning vert ev gjort i samband med budsjettvedtaket i desember 2017 og takseringsarbeidet og skattelister skal vere klar til 01.03.18.

IKT-løysing for rasjonell handsaming av eigedomsskatteordning bør kjøpast inn og den må kjøpast inn før ev formelt vedtak vert gjort i desember. Så mange objekt som no ev skal inn i ordninga fordrar dette. Kostnad er om lag 350.000 i innkjøp.

Takseringsarbeidet vil og krevje ressursar utover dei me rår over i drifta. Korleis det skal gjerast er ikkje avklart. Tidlegare har det vore antyda kostnad på om lag 500.000 utover det me kan gjere sjølve. Rådmann har ikkje noko nærare anslag no heller og vil kome tilbake til dette i T2.

Etter dette må det påreknast utgifter på mellom 750.000 til 1 million kroner i 2017 til førebuingsarbeidet med utviding av eigedomsskatteordninga.

*Løyving vert teken opp til handsaming i T2.*

#### **4.6 Årshjul, medarbeider og brukardialog.**

Når det gjeld styrings-aktivitetane/dialogen; detaljering av budsjett -17, årsrapportarbeidet og kostrarapporteringa så er dei gjennomførte som planlagt. Kommunestyret handsama 27.04. årsrapporten for 2016.

Mellom anna grunna innspel frå revisor og forvaltningsrevisjon på økonomi- og prosjektstyring så er arbeidet med tertialrapport 1 noko utvida og meir formalisert ved at dei formelle rekneskapsskjema frå budsjettet blir nytta i rapportering/regulering.

Brukarundersøking for omsorgstenesta var på programmet for vinter/vår 2017. Etter nærare vurdering grunna ny organisering frå 01.01 og omstillingsarbeidet elles så vart det bestemt å skyve undersøkinga noko fram i tid. Det vert gjort ein ny vurdering over sommarferien om når det vil vere hensiktsmessig å gjennomføre undersøkinga.....

#### **Medarbeidarundersøking 2017**

Medarbeiderundersøking, etter revidert opplegg 10-faktor, vart flytta frå hausten 2016 til månadsskifte jan/febr.-17. Samla svarprosent for undersøkinga vart på 72 %, ei brukbar oppslutnad, sjølv om her er relativt store variasjonar mellom einingane.

Også når det gjeld resultat er det ein del variasjonar. Kommuneresultata er litt under det snittet ein finn samanlikna med andre kommunar som har gjennomført same undersøkinga no. Me finn att reaksjonar på endringar og omstillingsarbeid i resultata. Einingsleiarane er gjort kjende med resultata og går gjennom dei med sine tilsette.

Leiarane saman med tillitsvalte har ansvar for gjennomføring av informasjon og prosess ute på einingane. I lag skal ein kome fram til tiltak ein vil jobba vidare med fram mot neste medarbeidarundersøking vinteren 2018/19. og rådmannen må ta ansvar for at det vert fokus på oppfølgjingsarbeid.

Under er resultata for Luster kommune samla:

<b>Faktor</b>	<b>Snitt Luster</b>	<b>Snitt Norge</b>
Oppgåvemotivasjon	4,0	4,2
Meistringstru	4,1	4,3
Sjølvstende	4,0	4,2
Bruk av kompetanse	4,0	4,2
Meistringsorientert leiing	3,8	3,9
Rolleklarheit	4,0	4,2
Relevant kompetanseutvikling	3,6	3,7
Fleksibilitetsvilje	4,2	4,4
Meistringsklima	3,8	4,0
Nytteorientert motivasjon	4,5	4,6
<b>Snitt totalt</b>	<b>4,0</b>	<b>4,2</b>

### **Anna medarbeiderresultat – sjukefråver.**

**Sjukefråværet 1. kvartal 2017 var på 7,7%. (2016: 6,2%, 2015: 7,1%)**

Eit samla fravær på 7,7% er litt i overkant av snitt dei siste åra, sjølv om fråværet i 2016 var særst lågt.

Dette kvartalet i året er og ofte sesong – og influensaprega, som gjer at det kan vere «normalt» å ha eit høgare fråvær samanlikna med dei andre kvartala i året. Årets influensavaksine er og meldt har hatt noko dårlegare effekt enn andre år og dette kan ha resultert i auka fråvær.

I lag med NAV Luster og arbeidslivstenesta vert det arbeidd aktivt med oppfølging av sjukmelde.

Som tidlegare er her relativt store variasjonar mellom dei ulike einingane. Med relativt små einingar gir og mindre endringar store prosentvise utslag.

Av resultatata for 1. kvartal 2017 har teknisk drift den mest positive utviklinga med ein nedgang på 6,2 prosentpoeng.

## 5) DRIFTA I TENESTEOMRÅDA

### 5.1 Rekneskapsskjema 1B

#### 1. Tertial 2017

	<b>Rekneskap 2017</b> 01.01-30.04.	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Forbruk %:</b>
POLITISK VERKSEMD	1 417	3 577	39,6
ADMINISTRASJON, STYRING OG FELLESUTGIFTER	13 770	39 166	35,2
BARNEHAGAR	13 746	39 293	35,0
GRUNNSKULEOPPLÆRING	30 032	90 687	33,1
KOMMUNEHELSE	8 338	21 558	38,7
PLEIE OG OMSORG	48 886	120 369	40,6
SOSIALTENESTE	4 064	13 474	30,2
BARNEVERN	4 754	9 856	48,2
TEKNISK DRIFT	6 520	11 298	57,7
TEKNISK FORVALTNING	655	2 748	23,8
BRANN- OG ULUKKESVERN	1 051	5 245	20,0
VATN, AVLØP OG RENOVASJON/AVFALL	-4 745	-7 041	67,4
NÆRINGSUTVIKLING OG NATURFORVALTNING	-2 143	252	
KULTUR	6 614	14 527	45,5
KYRKJE	2 935	6 300	46,6
	<b>135 894</b>	<b>371 309</b>	<b>36,6</b>

Oversikten syner nettoresultat på dei ulike rammeområda i budsjettet. Ei jamn fordeling av utgifter over året tilseier eit forbruk på 36,4% på lønsutgifter og 33,3% på dei fleste andre utgiftene.

Avvika i tabellen, frå eit slikt forbruk, har i noko grad samanheng med at inn- og utbetalingar ikkje kjem jamt over tid (periodisering), men det er og for nokre område resultat som heng saman med ein krevjande budsjett-situasjon. *Etter det som no ligg føre er det for låg budsjetttråme innan barnehage, barnevern, ATS og noko usikkert nivå for omsorgs-tenesta.* For dei andre områda bør det vere ei klår målsetjing om at budsjetttråmene er tilstrekkelege.

*Dei ulike tenesteområda er nærare kommentert nedanfor.*

## 5.2 Tenesteområda.

### 5.2.1 Folkevalde.

	R-17	B-17	% forbruk
Politisk verksemd	1 417	3 577	39,6 %

- Normal aktivitet, forbruk på plan.

### 5.2.2 Administrasjon.

Administrasjon, styring og fellesutg.	13 770	39 166	35,2 %
---------------------------------------	--------	--------	--------

- Jf generelle merknader over omkring lønsoppgjeret, «Luster 2020», .....
- Regulering grunna lønsoppgjer, reduksjon av avsetjing med 1,3 mill.
- Styrking lærlingbudsjett med 500 000.
- Fordeling av tilleggs løyvingar, 1 645 000 vert fordelt.(restløyving 345 000)
- Kommuneanalyse og Skulestrukturarbeidet vert fiansiert med 2x400=800 000.

### 5.2.3 Oppvekst.

Barnehagar	13 746	39 293	35 %
------------	--------	--------	------

- Rapportering syner aktivitet og forbruk som samla er godt samsvarande med budsjett.
- Suppleringsopptak januar er gjennomført som føreset.
- Opptak nytt barnehageår har gitt alle søkarar tilbod om barnehageplass.
- Styrka tilbod barnehage: Her har det vore auka forbruk som me dreg med oss frå hausthalvåret og fjorårets vedtak. Sjølv om me held att litt på styrkinga til hausten, vil denne budsjettposten ha behov for auke i størrelsesorden 600 000. 300 000 vert fiansiert av tilgjengeleg driftsramme, 300 000 vert sett på som ekstraordinært og fiansiert av avsett fond/skjønsmidlar barnehage.
- Innan barnehage er det og behov for å følgja opp med Ikt-løyving og det vert tilrådd å nytta 160.000 løyvd frå fond/skjønsmidlar barnehage.(jf IKT-prosjekt oppvekst -16.)  
-Nærare vurdering av fordeling mellom barnehagane, jf kompensasjon for fritak foreldrebetaling og nytt opptak.

Grunnskuleopplæring	30 032	90 687	33,1%
---------------------	--------	--------	-------

- Rapportering syner aktivitet og forbruk som samla er godt samsvarande med budsjett.
- Norskopplæringa i grunnskulen for framandspråklege har ein sterk auke. Det er grunn til å tru at det vert like stort utgiftsnivå til hausten og dermed vil budsjettposten verta overskriden. Me legg til grunn at auken i all hovudsak kan finansierast av flyktningmidlar, og kjem tilbake med saka i T2.
- Midlar til tidleg innsats: Kommunen har fått friske, øyremerkte midlar til tidleg innsats for 2017. (vart trekt ut av rammetilskot.) Desse er per dato postert som inntekt på Skulane fellesutgifter og difor kjem den posten no godt ut, men dette tilskotet skal før sommaren fordelast ut på skulane.
- Spes.ped.behovet 2017/18 ser ut til å verta i størrelsesorden +/- 25 stillingar (18 pedagogstillingar og 7 assistentstillingar), på same nivå som dette skuleåret. Framleis manglar me nokre sakkyndige tilrådingar med omfattande behov.
- Ressurs for utøvande logoped tenester. Etter omorganisering av PP-tenesta har me ikkje hatt fast tilgang på logoped til den utøvande del av tenesta innan oppvekst og helse.



- Det er no førebudd eit opplegg, oppkopla mot Sogn PPT, og avtale der det vert lyst etter logoped der kommunane, Sogndal, Leikanger, Vik og Luster kjøper tenester. Det vert lyst etter 150% stilling for å ha minst to tilsette «å spele på.» For Luster vert det skissert eit behov på 40% stilling med årskostnad på i overkant av 300.000. Luster kommune bør delta i dette samarbeidet. Kostnad i 2017 vert inntil 150.000 og vert dekkja innan ramma for felles skuleutgifter. Nedtrekk skuleskyss tilsvarande.
- Innan grunnskule vert Jostedal endra frå 3-delt til 2-delt skule og økonomisk råde for hausthalvåret vert tilpassa dette. Motsvarande vil Solvorn skule, slik det no ser ut, bli endra frå 2-delt til 3-delt skule.
- I 2016 vart det gjennomført ei satsing innan IKT området for oppvekstområdet. Satsinga har behov for oppfølging/vidareføring ut frå framdrift og behov. Skulane i Gaupne avsette i rekneskaps-avslutninga 250.000 av unytta midlar. Oppfølgingsplan for grunnskule syner behov for 480.000 og rådmann tilrår å nytta 230.000 av tilleggsløyvingane til IKT skule slik at oppfølgingsplan for 2017 er finansiert.(jf og ekstra løyving til barnehagane.)

#### 5.2.4 Helse.

Kommnehelse	8 338	21 558	38,7 %
-------------	-------	--------	--------

- Budsjettrapport konkluderer med om lag balanse pr 1.tertial, periodiseringsavvik kan forklare meirforbruk.
- 20% stilling som helsesøster for flyktningehelse finansiert av statstilskot flyktningar er /vert vidareført.
- Statstilskot til kommunepsykolog stilling er auka frå 3-400.000 for 2017. Råma vert redusert tilsvarande.
- Fleire forhold innan legetenesta/ legevakt er til drøfting: Legevaktsentral, kjøp av teneste frå Lærdal kommune vil få auka kostnad. Det er ikkje avklart eksakt kostnad.
- Posten vert styrka med 100.000 i denne reguleringa. (frå 680-780.000).
- Avtalar for legetenesta og tal fastlegar er til drøfting. Økonomiske råde vert ikkje endra i denne omgang.
- Interkommunal legevakt er til drøfting, med pårekneleg endring/oppstart frå 01.01.18.

#### 5.2.5 Omsorgstenesta.

Omsorgstenesta	48 886	120 369	40,6 %
----------------	--------	---------	--------

Som følgje av ulike «økonomitekniske» utfordringar i samband med ny organisering/ny struktur og ved at nye økonomiske rammes gjeld frå 1. januar (B-17) og ny årsturnus frå 20. februar, er det noko usikkerheit knytt til delar av denne rapporteringa.

#### *Budsjettforbruk per 1.tertial 2017 – status per 30.4.2017:*

Utgifter/inntekter	Budsjett 2017	Rekneskap pr 30.04.17	Forbruk i %
Løn	118 889 575	43 614 371	36,68 %
Andre utgifter	41 191 300	12 642 696	30,69 %
Inntekter	-43 105 800	-7 247 855	16,81 %
Netto drift	116 975 075	49 009 212	41,90 %

(inkl. frådrag ref. frå NAV)

#### Løn:

- Det vert lagt til grunn eit forventa forbruk per 30.4 på 36,36%.
- Samla forbruk i omsorgstenesta er på 36,68%.
- Overforbruk på løn skuldast i hovudsak ein-til-ein-bemanning på ein ny pasient, ekstra opplæring av personalet i samband med omorganiseringa og vikarutgifter som følgje av høgt sjukefråvær i to av einingane fyrste kvartal 2017.

#### Andre utgifter:

- Det vert lagt til grunn eit forventa forbruk per 30.4 på om lag 33,33%.
- Samla forbruk i omsorgstenesta er på 30,69%.
- Dei reelle kostnadane er noko lågare. Forskotsbetaling til ML-senteret gjer at rekneskapen per 30.4. syner ca. 2 mill. for mykje.
- Større kostnadar kjem mot slutten av året.

#### Inntekter:

- Det vert lagt til grunn forventa inntekter per 30.4 på 33,33%.
- Samla inntekter i omsorgstenesta er på 16,81%.
- Prosenten er låg fordi statstilskotet for ressurskrevjande tenester ikkje er kome inn i rekneskapen. Dette er budsjettert med kr 15 154 mill. for heile 2017.
- *Fordelte utgifter*, budsjettert med kr 4,862 mill., vil først bli inntektsført i desember (og gjev difor ein lågare inntektsprosent gjennom året).
- Inntekter på husleige omsorgsplass og omsorgsbustad ligg per 30.4. på 32,7%. Inntekta har vore varierende pga. overgang frå langtidsopphald til omsorgsplass. Med utgangspunkt i inntekta for mai md. vert det estimert eit underskot på om lag kr 250 000 på denne kontoen.
- Inntekter på konto *opphald i institusjon* ligg per 30.4. på om lag 34,25% .

#### Netto dritsutgifter:

- Netto driftsutgifter for omsorgstenesta syner eit samla forbruk på 41,90%
- Dette er eit noko høgt forbruk per 30.4. Hovudforklaringa er:
  - Statstilskot ressurskrevjande tenester er ikkje rekneskapsført. Dette ville ha utgjort om lag 5 mill. per 30.4.2017.
  - Forskotsbetaling til ML senteret utgjer 2 mill.
  - Lønsutgiftene er noko høgare enn budsjettert.
- Sett i lys av nye økonomiske rammer for 2017, ei større omorganisering - samt at dei 2 fyrste månadane av 2017 vart drifta etter «gamal» turnus (men med nye økonomiske rammer) - vert resultatet per 30.4. vurdert som tilfredstillande.

### **Forventa endringar og nye tiltak med økonomiske konsekvensar:**

#### Ressurskrevjande tenester:

- Frå 1.6.2017 vil tre nye tiltak utløyse ikkje budsjetterte kostnadar. Det er planlagd overgang til eit BPA tiltak (brukarstyrd personleg assistanse) frå 1.9.2017 for eit av desse tiltaka.
- Endringane her vil og gi auka inntekter i inntektssystemet, men først frå 2018. Auka utgifter i tiltaka og finansiering via auka statstilskot og kompensasjon i inntektssystemet vil ha ein nettoeffekt som me førebels ikkje har fullt oversyn over. Samla økonomiske konsekvensar vil bli søkt rapportert i T-2.

#### Større innkjøp:

- For å heve kvaliteten på tenestetilbodet og arbeidstilhøva for tilsette er det ved Luster omsorgssenter kjøpt inn utsyr til ein samla kostnad på om lag kr 50 000.
- På grunn av overgang til digitale TV løysingar er det kjøpt inn 8 stk. TV til korttidsavdeling (KA), jf. over, til ein samla netto kostnad på kr 34 304,-

#### Refusjon frå andre kommunar:

- Sogndal kommune har lovleg sagt opp ein avtale som medfører eit inntektstap på om lag kr 110 00,-

#### Velferdsteknologi og digitalisering:

- Det vert lagt opp til etablering av velferdsteknologiske løysingar ved Hafslo omsorgssenter i 2017. Ev. budsjettmessige konsekvensar vil bli rapportert i T-2.
- Det er ei målsetjing at ein i alle aktuelle bygg i omsorgstenesta har tilgang til trådlause nettverk. Auka innsats og raskare framdrift innan dette område vil truleg krevje meir ressursar. Rådmannen vil kome tilbake til dette i T-2.

#### Omlegging vaskeritenester:

- Frå 1.mai 2017 vert vaskeritenestene kjøpt frå Mona Vekst. Dette vil gje innsparing. Verknaden for 2017 vil bli rapportert i T-2.

#### Statstilskot nytt dagtilbod ved Hafslo omsorgssenter:

- Det er for 2017 tildelt eit statstilskot til dagtilbodet på kr 351 650,- Dette er om lag kr 250 000,- meir enn budsjettet. Det vil bli søkt om nytt tilskot i 2018.

#### ATS.

- Stor aktivitet og pågang nye brukarar.
- Inntektsbortfall på tøyruta (omlegging vaskeri) brutto 135.000-150.000 for 2017. Det vert arbeidd med at ATS skal få tilført andre transportoppdrag som kan kompensere noko for dette.
- Etter ei samla vurdering; stor pågang, inntektsbortfall og også stort nedtrekk på budsjettet for ekstra/vikar for 2017 er det krevjande budsjetttråme. Råma vert tilrådd kompensert med 150.000.

#### 5.2.6 Sosial/barnevern.

Sosialteneste	4 064	13 474	30,2 %
---------------	-------	--------	--------

- Det er balanse/mindreforbruk i den «ordinære» sosialtenesta.
- Statstilskot flyktningar syner og meirinntekter, men her er avrekning/periodisering som gjer det vanskeleg å fastslå status.
- Økonomisk sosialhjelp flyktningar syner meirforbruk i høve budsjett, men er krevjande område å budsjettere med stadige skiftingar, eksempelvis personar inn og ut av introduksjonsordninga.
- Busetjing/mottak av flyktningar går som føresett, men overføring til busetjing tek ofte lengre tid enn planlagt.
- Betre aktivitet i KVP(kvalifiseringsprogram)-ordning enn tidlegare år.
- Førebuingsarbeidet med å starte eiga norskopplæringa er greitt på plass og det er tilsett tilstrekkeleg og god bemanning til oppgåva. Driftskostnader for hausthalvåret vert finansiert via T2.
- Kostnader til ombygging av lokale til undervisninga i Lagshuset Grandmo, inventar, dataløysingar og anna utrustning/oppstartskostnader vert finansiert via flyktningefondet.

Barnevern	4 754	9 856	48,2 %
-----------	-------	-------	--------

- 50 % av budsjettet er utbetalt til Sogn Barnevern. Forbetringsarbeidet i Sogn barnevern held fram i samsvar med plan.
- Budsjettrapport syner mindreforbruk på lønn/administrasjon og meirforbruk på tiltak utanfor heimen.
- Ut frå mangel på fosterheim er tiltak flytta til institusjon. Konsekvens er auke i kostnad frå vel 30.000 pr mnd til nærare 70.000 pr mnd.
- Det er meirforbruk på kjøp av tenester hjå Bufetat samtidig som Bufetat ikkje godkjenner alle utgifter i tiltaka det er søkt refusjon om.
- Sogn Barnevern held fram arbeidet med gjennomgang av eksisterande saker, der ein vurderar sakene med borna i fokus, men der ein og vurderar økonomien i desse sakene. -Det er hittil i 2017 blitt avslutta saker og saker der ein har reduserte den økonomiske ytinga til fosterheimen.
- Luster har og tiltak med barn som vil fylle 18 år i 2017/2018, barn som i dag er plassert i institusjon/forsterka fosterheim. Det er i dag uavklara kva vidare tilbod desse treng, men kostnadsnivået vil bli redusert.
- Budsjettråma vert i denne reguleringa auka med 500.000.

## 5.2.7 Tekniske tenester

Teknisk drift	6 520	11 298	57,7 %
---------------	-------	--------	--------

- Vintervedlikehaldet kosta vel 2 mill i år frå 01.01, om lag som ein normalvinter. Budsjett på 3 mill tilseier budsjettdekning gitt normal førhjulsvinter.
- Kommunal veg elles på plan.
- Vedlikehaldsområde bygg kan truleg styrast på plan. Ved at måling og skifte av tak på nokre større bygg kan finansierast via BU (byggutvikling) er presset noko redusert. Ev nærare vurdering i T2.
- Ved sida av at vintervedlikehaldet gir ekstra belastning tidleg på året er her tilskots-ordningar som er utbetalt og manglande fordeling/periodisering som gjer at forbruk er så høgt som 57,7%
- Reinholdsområde er utvida, frå 01.05, med sal av tenester til Sogn og Fjordane fylkeskommune for reinhald av tannklinikken deira. (inntekter og utgifter tilsvarande 20% stilling.)

Teknisk forvaltning	655	2 748	23,8 %
---------------------	-----	-------	--------

- Aktivitet er som føresett, press på plankapasitet.
- Manglar økonomisk belastning på plansak, låge inntekter på byggesak så langt, gode inntekter på oppmåling.
- Planprosessar tek lengre tid enn føresett også grunna kapasitets- og framdriftsutfordringar hjå andre som skal delta/gi innspel til planarbeid.
- Bemanningsreduksjon byggesak ved overgang til redusert stilling kombinert med AFP frå 01.05. Auka bemanning kart/oppmåling er på plass som planlagt.
- Arkivanalyse for klargjering av digitalisering og «opprydding» av arkiv på teknisk område og gbnr. Kostnad med analysen over driftsbudsjett, oppfølging som er eit omfattande tiltak må opp til nærare drøfting

Brann- og ulykkesvern	1 051	5 245	20 %
-----------------------	-------	-------	------

- Aktivitet er som føresett, resultat ovanfor skal korrigerast. (periode/inntekter)
- 1/3 driftstilskot er betalt SBR IKS, feiegebyr er teke til inntekt.

VAR	-4 745	-7 041	67,4 %
-----	--------	--------	--------

- Inntektsida dekkar godt opp det budsjetterte. Også gode tal på tilknytingsavgifter.
- Eit par store vasslekasjar vil pårekneg dra opp vedlikehaldsrekneskap noko.

### 5.2.8 Næring/naturforvaltning

Næringsutvikling og naturforvaltning	-2 143	252	
--------------------------------------	--------	-----	--

- Aktivitet er i stor grad som planlagt for både næring, landbruk- og naturforvaltning. Resultat ovanfor skal korrigerast. (periode/inntekter)
- Finansieringssak for Tørvis er til prøving, jf konkursskrav med mål om å sikra verdiar best mogeleg. Prosesskostnader kjem på saka.

### 5.2.9 Kultur og kyrkje.

Kultur	6 614	14 527	45,5 %
--------	-------	--------	--------

- Aktivitet er som føresett. Resultat ovanfor skal korrigerast. (periode/inntekter)
- Budsjettramma for Frivillegsentralen vert styrka med 365.000. Tidlegare øyremerkt tilskot er teke inn i rammetilskotet.
- Tilskot Ornes må rebudsjetterast / rettast opp, tilseier styrking av kulturvernbudsjett med 100.000. (kommunestyret si løyving i 2016 er ikkje avsett ved rekneskaps-avslutninga som føresett og må løyvast på nytt.)
- Lustrabadet står framføre ettersyn, vedlikehald av det store idrettsbassenget noko som betyr stenging i 6-8 veker frå aug./sept. Konsekvensar for drift, inntekter og utgifter, ev ekstra vedlikehaldskostnader på anlegget vert teke fram i T2.
- Innreidning av kjellarlokale i Lustrabadet treng auka investeringsløyving på 100.000.
- Turveg Marifjøra-Gaupne vert teke inn i nvesteringsprogrammet slik at ein kan nytta seg av stein frå tunnellstrossinga som er føresett skal ta til over sommaren. (500 000)

Kyrkje	2 935	6 300	46,6 %
--------	-------	-------	--------

- Utbetaling av driftstilskot som føresett.

## Rekneskapsskjema 1B – Regulert 1.tertial

Område	Rekneskap 01.01-01.05	Budsjett -17	Forbr%	Regulering	Regulert budsjett
POLITISK VERKSEMD	1 417	3 577	39,6	-	3 577
ADMINISTRSJON, STYRING OG FELLESUTGIFTER	13 770	39 166	35,2	-1 645	37 521

Styrking: Læringsordning 500.000. Budsjettering: Kommuneanalyse: 400 000, Skulestruktur: 400 000. Finansiering: Redusert avsetjing lønsoppgjær 1 300 000. Fordeling av tilleggsløyvingar til andre område; 1 645 000. (jf nedanfor.) Rest tilleggsløyving til ev seinare fordeling: 355 000.

BARNEHAGAR	13 746	39 293	35,0	300	(39 593)
Bruk av fond/skjønsmidlar				460	40 053

- Styrking: Styrkingstiltak/tidleg innsats 600 000. IKT: 160 000.
- Finansiering: Fond/skjønsmidlar 460 000, auka ramme 300 000.

GRUNNSKULEOPPLÆRING	30 032	90 687	33,1	230	(90 917)
Bruk av fond, avsetjing ikt, 2016				250	91 167

- Styrking: Logoped 150 000. IKT 480 000.
- Finansiering: Red.ramme skuleskys 150 000. Avsetjing IKT 250 000. Tilleggsløyving 230.000

KOMMUNEHELSE	8 338	21 558	38,7	-	21 588
--------------	-------	--------	------	---	--------

- Styrking: Legevakttelefonentral 100 000, Finansiering: Statstilskot psykolog 100 000

OMSORGSTENESTA	48 886	120 369	40,6	150	120 519
----------------	--------	---------	------	-----	---------

- Styrking: ATS 150 000. Finansiering: Tilleggsløyving 150 000

SOSIALTENESTE	4 064	13 474	30,2	-	13 374
BARNEVERN	4 754	9 856	48,2	500	10 356

- Styrking: Kjøp av teneste 500 000. Finansiering: Tilleggsløyving 500 000.

TEKNISK DRIFT	6 520	11 298	57,7	-	11 298
TEKNISK FORVALTNING	655	2 748	23,8	-	2 748
BRANN- OG ULUKKESVERN	1 051	5 245	20,0	-	5 245
VATN, AVLØP OG RENOVASJON/AVFALL	-4 745	-7 041	67,4	-	-7 041
NÆRINGSUTVIKLING OG NATURFORVALTNING	-2 143	252		-	-2 143
KULTUR	6 614	14 527	45,5	465	14 992

- Styrking: Frivillegsentralen 365 000. Verdsarvarbeidet Ornes 100 000.
- Finansiering: Tilleggsløyving 465 000

KYRKJE	2 935	6 300	46,6	-	6 300
	<b>135 894</b>	<b>371 309</b>	<b>36,6</b>		<b>372 019</b>

## **6) INVESTERINGAR.**

### **6.1 Investeringsprogram 2017.**

INVESTERINGSPLAN 2017-2020							
	Opph 2016.	Reg budsjet 2016	2017	2018	2019	2020	2017-20
<b>KOMM. BYGG</b>							
<b>H.B.U-skule, utbygging</b>	<b>30233</b>	<b>28433</b>	<b>2000</b>				<b>2000</b>
Etter plan ferdig til skulestart, klatrepark er ikkje medrekna. Førebels oversikt byggjerekneskapet, syner ei overskridding på ca 1. mill. Byggjerekneskap i haust							
<b>Rådhuset renovering</b>	<b>9196</b>	<b>8696</b>	<b>11000</b>				<b>11000</b>
Går som planlagt i høve framdrifta. Ferdigstilling 1.10.17. Økonomi: Tidleg å oppgje nøyaktige tal og status. Når me tek høgde for at me får utbetalt søkte midlar frå Enova og fylkeskommunene ser det ut som me har eit overforbruk på ca 600 000,-.Inkl.mva Me har som mål om å spare store deler av dette inn igjen på bi inngangar og hovudingang. (enkla oppgradering enn prosjektert med gjenbruk av fundament ++.) Det er og for tidleg å seie at her ikkje kan dukke opp uventa problemstillingar med ev tilleggskostnader. Vurdering om heller/skille bygg plen vil og kunne medføre auka kostnad.							
<b>Jostedal oppveksts.;renovering, tilbygg barnehage</b>	<b>500</b>	<b>150</b>	<b>4850</b>				<b>4850</b>
Går som planlagt. Mål om ferdigstilling til fellesferien. Mindre ting kan gjenstå. Økonomi: Diverse mindre tillegg/justeringar av mindre karakter. Kostnader ikkje endeleg avklara, men klar målsetjing å halde seg innan løyvde midlar.							
<b>Lustrabadet (innreiding Kjellar, møterom mv.)</b>	<b>1895</b>	<b>800</b>	<b>250</b>				<b>250</b>
Ferdig, Overforbruk ca 85.000,- dette pga av etterslep frå 2016 på faktura vedrørende ventilasjon og elektro. <b>Tilleggsloving; 100 000.</b>							
<b>Yrkesskulebygget/Friskhuset</b>	<b>1500</b>	<b>200</b>	<b>10000</b>	<b>2500</b>			<b>12500</b>
Tilbudsutlysning 1 juni, tilbudsfrist 28 juni							
<b>Brannstasjon</b>	<b>1833</b>	<b>1700</b>	<b>130</b>				<b>130</b>
Pr. 20.05 er midlane ikkje nytta, men etter godkjenning av reg.plan vil nærare utforming av øvingsområde ta til og midlane nytta som LK sitt bidrag.							
<b>Gaupne idrettshall, rehabilitering</b>	<b>750</b>	<b>200</b>	<b>200</b>	<b>3000</b>			<b>4000 7200</b>
Forenkla utføring, ny utlysning til hausten for gjennomføring i 2018							
<b>Fellesloving bygg til fordeling</b>	<b>2000</b>	<b>2000</b>	<b>2500</b>	<b>2500</b>	<b>2500</b>	<b>2500</b>	<b>10000</b>
Solskjermering – markiser Jostedal skule monterte, tilkobling frå elektrisk manglar. Dale og Solvom avventar me inntil vidare. Enøk tiltak – varmpumpe idrettshallen monterte. Hafslø barnehage (utvendig tak) – vert utført av Nes bygg i sommar. Luster eldresenter – har fått inn pris på måling (vurderar å måle noko i eigen regi). Ombygging Gaupne omsorgssenter/ eldresenter er ferdig (minus eit vindauge på medisinerom). Gaupne omsorgssenter – fontener ute vert kutta, prioriterer nødvendig tiltak i Gaupne barnehage. Helsesenteret – helsestasjon og kontor – vert starta opp til hausten. Gaupne skule – oppussing/ måling – vert ikkje noko før til hausten. Dale skule – skulekjøkken og golvbelegg ferdig. Veitastrand skule – golv gymsal til sommaren.							
<b>Grandmo lagshus</b>							
<b>Ekstra/nytt tiltak:</b> Ombygging til norskundervisning er på det næraste ferdig, pågår innjustering av ventilasjonsanlegg. Stipulert kostnad: Klasseromsbord kr 60.000,- , anna inventar 50.000,- ,Ventilasjon kr. 125.000,- Elektro 50.000,- og ombygging 325.000,-. Totalt kr. 600.000,- i							
<b>KOMMUNALE VEGAR OG ANLEGG</b>							<b>0</b>
<b>Bilar og maskiner</b>	<b>2627</b>	<b>2427</b>	<b>1000</b>	<b>1000</b>	<b>1000</b>	<b>1000</b>	<b>4000</b>
Kjøpt bil til Grandmo, som planlagt.							
<b>Gaupne sentrum</b>	<b>1024</b>	<b>324</b>	<b>1000</b>				<b>1000</b>
Uavklart bussløysning. Trafikkareal ved Pyramiden vert etablert som i plan. Arbeidar med toalettøysning i Pyramiden. Sykkelparkering ved busskur i samband med trafikktrygging ved skule. Innvilga trafikktryggingmidlar på .... og kommunal løysing nedanfor.							
<b>Sentrumsopprusting Luster, Dale</b>		<b>122</b>	<b>1500</b>	<b>3000</b>			<b>4500</b>
Planarbeidet har teke lenger tid enn føresett. Reguleringsplan ligg på plan for kommunestyret 14.06. Tiltak vil vere mest realistisk frå 2018.							
<b>Sentrumsopprusting Gjerde</b>		<b>122</b>		<b>1500</b>	<b>3000</b>		<b>4500</b>
Planarbeid har ikkje hatt ynskjeleg framdrift. Vert prioritert hausten 2017.							
<b>Anlegg idrett og friluftsliv</b>	<b>3892</b>	<b>1692</b>	<b>3000</b>	<b>3000</b>	<b>3000</b>	<b>3000</b>	<b>12000</b>
<b>Anleggsutvikling til fordeling</b>	<b>2000</b>	<b>2000</b>	<b>2000</b>	<b>2000</b>	<b>2000</b>	<b>2000</b>	<b>8000</b>
Parkeringsplass Høyheimsvik ferdig med unntak av rekkverk og asfaltering. Dreneringsarbeid Gaupnegrandane ferdig – klart for oppretting og asfaltering (asfalt medio juni). Ny veg nedom Byggtoget (Fuhr bygg) – arbeid så vidt starta, skal asfalterast medio juni. Mjølver/ kryss Brevegen – oppussing og asfaltering medio juni. Parkeringsplass Krossen – satsar på oppstart tidleg i juni (løyve må på plass). Asfaltering Galdetoppen til hausten – må vurdere økonomien. Mur Melheim – må vurdere forbruk i samband med T2- om midlar kan me starte seinhaustes. Asfaltering Øyagata utsett til 2018.							
<b>Trafikktryggingmidlar</b>	<b>300</b>	<b>300</b>	<b>500</b>	<b>500</b>	<b>500</b>	<b>500</b>	<b>2000</b>
Trafikktryggingstiltak ved Gaupne skule/ busstopp vert ikkje starta opp før etter sommarferien.							
<b>Turveg Marifjøra - Gaupne.</b>							
<b>Ekstra/nytt titak:</b> Statens vegvesen arbeidar med anbuds konkurransene. Planlagt oppstart til hausten. Kostnadar hitil, byggeplan + grunnundersøking 90.000,- I tillegg vil me få kostnad med innløysing av naust. Er starta forhandlingar. Førebels tilbakemelding på grunnundersøkingar syner at det ikkje er mogeleg å fylle ut i sjøen på eit område av turveg.							



<b>VAR</b>								<b>0</b>
<b>Vassforsyning</b>	<b>4069</b>	<b>819</b>	<b>6000</b>	<b>4000</b>	<b>4000</b>	<b>4000</b>	<b>4000</b>	<b>18000</b>
<p>Budsjett 2017 skulle dekke bygging av nytt basseng Røselekkane og nytt vassbehandlingsanlegg Dale vassverk. Grunna manglande økonomisk inndecking etter anbudsutlysning av Nedre Røselekkane vart dette prosjektet utsett (januar 2017). Nå viser det seg at Dale vassverk og vert utsett, ettersom løyve om konsesjon frå NVE tar mykje lengre tid enn forventa (oppimot 1,5 år). Nytt basseng Røselekkane er etter dette revurdert, inkl. andre løysingar. Konklusjonen er tidlegare vald løysing og ein går no vidare med dette tiltaket. Vassleiding Solsida vil etter kst. sitt vedtak verte prioritert. Planen så er bygging/slutføring av Dale vassverk og oppstart av basseng Kalhagen i 2018.</p>								
<b>Avløpstiltak</b>	<b>3405</b>	<b>2005</b>	<b>6000</b>	<b>4000</b>	<b>4000</b>	<b>4000</b>	<b>4000</b>	<b>18000</b>
<p>Avløpstiltak 2017 går etter planen. Pumpestasjon kaien Solvorn og ny leidning Gaupnegrandane er snart ferdig utbygd. Pumpeleiding Ekservollen-Dalsøren camping og pumpestasjon Ekservollen er under oppstart. I budsjettet på 6 mill i 2017 er det og midlar til framføring av avlaupsleiding Solsida. Har ikkje endelege oversikt før me har fått inn tilboda. Eventuell søknad om tillegg i T2.</p>								
<b>BUSTADBYGGING</b>								<b>0</b>
<b>Bustadfelt Lundshaugen</b>		<b>300</b>	<b>200</b>	<b>1000</b>				<b>1200</b>
Reg. plan er no starta opp.								
<b>Bustadfelt Bolstadmoen.</b>	<b>931</b>	<b>931</b>	<b>500</b>					<b>500</b>
Ikkje oppstarta								
<b>Bustadfelt infrastruktur</b>					<b>5000</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>	<b>10000</b>
<b>FELLESYSTEM</b>								
<b>IKT</b>	<b>1250</b>	<b>1250</b>	<b>1500</b>	<b>1500</b>	<b>1000</b>	<b>1000</b>	<b>1000</b>	<b>5000</b>
<b>Felles inventar og utstyr</b>	<b>250</b>	<b>250</b>	<b>200</b>	<b>200</b>	<b>300</b>	<b>300</b>	<b>300</b>	<b>1000</b>
<b>Oppmåling/kart</b>	<b>300</b>	<b>0</b>	<b>300</b>	<b>300</b>	<b>300</b>	<b>300</b>	<b>300</b>	<b>1200</b>
<b>Adresseprosjektet</b>	<b>1500</b>	<b>0</b>	<b>1500</b>					<b>1500</b>
								<b>0</b>
<b>Unyttta investeringsramme, for seinare prioritering</b>				<b>5000</b>	<b>7500</b>	<b>7500</b>	<b>7500</b>	<b>20000</b>
<b>Lån Husbanken til vidare utlån</b>			<b>5000</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>	<b>20000</b>
<b>Innskot KLP</b>			<b>1300</b>	<b>1000</b>	<b>1500</b>	<b>1000</b>	<b>1000</b>	<b>4800</b>
<b>Diverse;</b>								<b>0</b>
<b>Tilskot kyrkjelege fellelsråd.</b>		<b>200</b>	<b>250</b>	<b>250</b>	<b>250</b>	<b>250</b>	<b>250</b>	<b>1000</b>
								<b>0</b>
<b>Alle summam inkl. mva.</b>		<b>54921</b>	<b>62680</b>	<b>41250</b>	<b>40850</b>	<b>41350</b>	<b>41350</b>	<b>186130</b>
<b>Skisse for finansiering;</b>								
<b>Tidlegare finansierte -lånemidlar</b>			<b>16000</b>					
<b>Fond/salsinntekter</b>			<b>6000</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>	
Mva			<b>9000</b>	<b>6000</b>	<b>6000</b>	<b>6000</b>	<b>6000</b>	
Lån			<b>32000</b>	<b>30000</b>	<b>30000</b>	<b>30000</b>	<b>30000</b>	
<b>Avdrag</b>			<b>15000</b>	<b>15000</b>	<b>20000</b>	<b>20000</b>	<b>20000</b>	
<b>Auka lånegjeld</b>			<b>17000</b>	<b>15000</b>	<b>10000</b>	<b>10000</b>	<b>10000</b>	<b>50000</b>

## Andre utgreiingar;

### Skuleeigedommen på Hafslo, «Husmorskulen.»

Arbeidet er starta opp med innsamling av tilstandsvurderingar. Over sommaren må ein meir konkret starta vurderingsarbeid på framtidig bruk/utnytting av eigedommen.

### Bustadsosial utbygging, «Grandmo.»

Grunna kapasitetsutfordringar har arbeidet ikkje hatt særleg framdrift og må prioriterast over sommaren.

## INVESTERINGAR:

### Regulering i T1:

	Opph.-17	Regulering.	Rev.2017.
Lustrabadet	250	100	350 000
Lagshuset – (finansiert av disposisjonsfond/ avsett flyktningemidlar.)	-	950	950 000
Turveg Marifjøra-Gaupne.	-	500	500 000

## 6.2 Overførte løyvingar frå 2016.

### Rekneskapskjema 2B – Investering.

I årsrapporten er investeringstiltaka refererte med resultat for 2016. I samsvar med delegasjon/økonomireglement har rådmann fullmakt til å føra over investeringsløyvingar frå eitt år til neste budsjettår.

Det er gjort slik oppsummering/overføring:

	MEIRFORBRUK/MINDREFORBRUK	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr. Budsjett	Avvik(per.)	Per/OVF
13050	RÅDHUSET	8 705 339	8 733 000	9 000 000	-27 661	27 661
22175	JOSTEDAL OPPVEKSTSENTER, AVD. BARNEHAGE	275 852	182 000	-	93 852	-93 852
22179	INDRE HAFSLO OPPVEKSTSENTER, AVD. BARNEHAGE	1 338 428	1 500 000	-	-161 572	161 572
22251	HAFSLO BARNE- OG UNDOMSSKULE	28 464 702	28 433 000	33 700 000	31 702	-31 702
26150	HAFSLO OMSORGSENTER	636 175	1 000 000	-	-363 825	363 825
26549	UTLEIGEBUSTADER GENERELT	-	300 000	300 000	-300 000	300 000
30302	ADRESSEPROSJEKTET	7 000	-	1 500 000	7 000	-7 000
31500	BUSTADFELT - INFRASTRUKTUR	135 590	-	-	135 590	-135 590
31554	BUSTADFELT LUNDSHAUGEN	15 000	300 000	300 000	-285 000	285 000
31555	BUSTADFELT HØYHEIMSVIK	223 276	350 000	750 000	-126 725	126 725
31565	BUSTADFELT BEHEIM II	1 644 304	3 487 300	2 000 000	-1 842 996	1 842 996
31567	BUSTADFELT VERKET II	5 397 565	6 191 506	10 000 000	-793 941	793 941
31568	BUSTADFELT BOLSTADMOEN II	776 924	931 400	-	-154 476	154 476
31570	BUSTADFELT KVITEVOLLEN	2 203 567	2 037 000	525 000	166 567	-166 567
31572	BUSTADFELT DRÆGNI	306 627	336 188	-	-29 561	29 561
32061	YRKESKULEBYGNINGANE I GAUPNE	188 850	200 000	1 500 000	-11 150	11 150
33202	VEG OG GATELYS	2 360 947	3 100 000	3 100 000	-600 000	139 053
33273	KREKAVEGEN	-	179 400	-	-179 400	179 400
33570	OPPRUSTING AV GAUPNE SENTRUM	391 996	323 500	1 000 000	68 496	-68 496
33571	TETTSTADOPPRUSTING SKJOLDEN	38 348	124 700	-	-86 352	86 352
33574	SENTRUMSOPPRUSTING DALE	380 649	16 158	-	364 491	-364 491
33575	GJERDE SENTRUM + BRU	232 842	160 842	-	72 000	-72 000
33804	BRANNSIKRINGSPLAN SOLVORN	1 157 585	727 700	500 000	429 885	-429 885
34501	VASSFORSYNING, GENERELT	1 086 927	819 000	-	267 927	-267 927
34555	BUSTADFELT HØYHEIMSVIK VASSFORSYNING	202 390	-	-	202 390	-202 390
34570	BUSTADFELT KVITEVOLLEN VASSFORSYNING	256 172	-	-	256 172	-256 172
35302	AVLØPSTILTAK	1 423 177	2 005 000	3 570 000	-581 823	581 823
35355	BUSTADFELT HØYHEIMSVIK KLOAKK	233 176	-	-	233 176	-233 176
35370	BUSTADFELT KVITEVOLLEN KLOAKK	414 576	-	-	414 576	-414 576
38002	ANLEGG IDRETT/FRILUFTSLIV	1 614 782	1 192 000	1 000 000	422 782	-422 782
38060	HEGGMYRANE	372 266	500 000	-	-127 734	127 734
38065	LEIRMO MOTORSPORTSENTER	67 400	-	-	67 400	-67 400
38161	LUSTRABADET	916 859	892 580	2 000 000	24 279	-24 279
	<b>TOTALT</b>					<b>1 952 984</b>

## 7) PLANLEGGINGSPROGRAMMET.

Framdrifta er sett opp i tabellen nedanfor:

<b>Plan</b>	<b>Planleggingsprogram, førsett framdrift.</b>	<b>Status.</b>
Kommuneplanen samfunnsdel	Oppstart vår 2017. Vedtak haust 2017.	Arbeidet er starta opp. Planprogram, på høyring i 18.03 – 29.04.2017. (Føresett vedtak i Kst. 14.06.2017.)
Reg. endr. Lundshaugen, Indre Hafslo.	Oppstart vinter 2017. Vedtak haust 2017.	Meldt oppstart 06.05.2017.
Reg. plan Dale sentrum - Døsen.	Oppstart vinter 2017, etter vedtak av Dale sentrum. Vedtak vinter 2018.	Ikkje starta opp, Dale sentrum ikkje vedteken.
Reguleringsendring Marifjøra sentrum, tomt for sjokoladefabrikk m.m.	Oppstart vinter 2017. Vedtak sommar 2017.	Ikkje lenger aktuell. Går ut av planprogrammet.
Gjerde sentrum, Jostedal.	Oppstarta 2013. Vedtak sommar 2017.	Planframlegg utarbeidd, må reviderast. Ikkje utført arbeid i 1. tertial 2017.
Dale sentrum, Luster.	Oppstart 2011. Vedtak vår 2017.I	2. gongs ettersyn vinteren 2017. Motsegner handsama i 1. tertial. Ny sak, basert på opphavleg framlegg.
Billagstomten, Hafslo.	Oppstarta våren 2016. Vedtak sommar 2018.	Ikkje utført vidare planarbeid i 1. tertial
Sentrale delar av Heggmyrane.	Oppstart 2013. Vedtak vår 2017.	Planframlegg til ettersyn hausten 2016. 2. Gongs handsaming i PFV i 13.02.2017. Vedtak med vesentlege endringar. Under omarbeiding før ny utlegging.
Gaupne Motorsportsenter, Leirmøygarden.	Oppstarta 2016. Vedtak haust 2107.	Biologisk kartlegging utført haust 2016. Planprogram vedteke i PFV 13.02.2017.
Fylkesveg 55, Nes Høyheimsvik.	Oppstart 2017.	Møte med Statens vegvesen i februar 2017. Framdrift avhengig av revisjon av regional transportplan i 2017.
Reguleringsplan for Botn, Hafslo.	Privat framlegg.	Bustad: 60 daa/130buein. 1. gongs handsaming i PFV 13.02.2017. Ute til ettersyn frå 08.04.2017.
Reguleringsendring ved Hillestad traktorservice.	Oppstarta vinter 2016. Vedtak sommar 2017.	Vedteken av kommunestyret 17.02.2017.
Detaljreguleringsplan for Sandal, Hafslo.	Privat framlegg.	Vedteken av kommunestyret 27.04.2017.

## 8) OPPSUMMERING

Tertialrapporten vert lagt fram til orientering om utviklinga i 2017.

Rapporten skal ha fokus på sentrale område for den økonomiske utviklinga og gi melding om/rette opp openbare avvik.

Rådmann viser og til sakene som er handsama i kommunestyret, formannskapet og plan- og forvaltningsstyret. Desse er i liten grad omtalt i rapporten.

Rådmann tilrår at kommunestyret i denne omgang/denne saka regulerer budsjettet slik;

### Drift:

#### Endring rekneskapsskjema 1B – Regulering 1.tertial:

Område	Rekneskap 01.01-01.05	Budsjett -17	Forbr %	Regulering	Regulert budsjett
ADMINISTRASJON, STYRING OG FELLESUTGIFTER	13 770	39 166	35,2	-1 645	37 521
BARNEHAGAR	13 746	39 293	35,0	300	(39 593)
-Bruk av fond/skjønsmidler				460	40 053
GRUNNSKULEOPPLÆRING	30 032	90 687	33,1	230	(90 917)
-Bruk av fond/avsetjing ikt				250	91 167
OMSORGSTENESTA	48 886	120 369	40,6	150	120 519
BARNEVERN	4 754	9 856	48,2	500	10 356
KULTUR	6 614	14 527	45,5	465	14 992
Tillegg fondsfinansiert:				+710	

### Investeringar:

#### Endring i rekneskapsskjema 2B - Regulering 1.tertial:

	Opph.-17	Regulering.	Rev.2017.
Lustrabadet	250	100	350 000
Lagshuset – (finansiert av disposisjonsfond/ avsett flyktningemidler.)	-	950	950 000
Turveg Marifjøra-Gaupne.	-	500	500 000


I tillegg kjem overførte løyvingar frå 2016. Jf eige vedlegg, pkt 6.2.

Gaupne 01.06.17.

Jarle Skartun.  
-rådmann.



# Luster kommune - organisasjonsmodell



## Politiske organ

Kommunestyret (25 representantar) er kommunen sitt øvste organ. Alle store/viktige saker vert avgjorde her, etter tilråding frå formannskapet/næringsutvalet (7) eller plan- og forvaltningsstyret (7). Dei to sistnemnde organ avgjer sjølv ein del saker etter fullmakt frå kommunestyret. I tillegg får kommunestyret også nokre saker frå eige kontrollutval (5) og frå mellombelse komitear (særskilde saker). Alle val til faste politiske organ er for 4 år. Ordføraren er kommunen sin fremste representant. Han leiar møta i kommunestyret og formannskapet/næringsutvalet.

## Rådmannen

Rådmannen leiar administrasjonen, har tilrådingsrett i alle saker til politiske organ og har ein overordna oppfølgings- og støttefunksjon for alle underliggjande tenesteeiningar. Rådmannen avgjer sjølv ein del saker etter fullmakt frå kommunestyret. Rådmannen har 11 ulike stabseiningar til å hjelpe seg i dette arbeidet. Dette er personal/organisasjon, økonomi, eigedom, oppvekst, kultur, folkehelse, plan, næring, IKT og kvalitet, omsorg og servicetorget. Rådmannen har, blant sine stabseiarar, peika ut primære kontaktpersonar for alle tenesteeiningane.

## Kommunale foretak

Lustrabadet KF er organisert som eit kommunalt foretak med eit styre som rapporterar til Formannskapet / Kommunestyret

## Tenesteeiningane

Kommunen har 21 tenesteeiningar som primært yter tenester til innbyggjarane. Kvar eining har eigen leiar som rapporterar til rådmann, då primært til ovannemnde kontaktperson. Desse leiarane arbeider med grunnlag i eit eige administrativt delegeringsreglement, fastsett av rådmannen.

1) Kommunen har fylgjande oppvekstsenter: Skjolden oppvekstsenter, Luster oppvekstsenter, Jostedal oppvekstsenter, Indre Hafslo oppvekstsenter og Solvorn oppvekstsenter.

2) Kommunen har fylgjande grunnskular: Gaupne skule, Luster ungdomsskule og Hafslo barne- og ungdomsskule (administrerer også Veitastrand)

3) Kommunen har fylgjande barnehagar: Gaupne barnehage, Gamlestova barnehage og Hafslo barnehage.

4) NAV Luster er leia i partnerskap mellom stat og kommune.

5) Luster omsorgssenter, Gaupne omsorgssenter, Hafslo omsorgssenter og Grandmo busenter

## Interkommunalt samarbeid

Kommunen har fylgjande interkommunale samarbeid:

- Sogn kulturskule (Leikanger er vertskommune)
- Sogn barnevern (Sogndal er vertskommune)
- SIMAS (IKS)
- Sogn brann og redning (IKS)
- Sogn PPT

I tillegg kjem fleire mindre interkommunale samarbeid